



Notat

Dato: 07.11.2014
Arkivsak: 2014/21556-2
Saksbehandlar: adelan

Til:	Fylkesrådmannen
Frå:	Fylkesdirektør opplæring

Handsaming av søknad om midlar til oppretting av ein ny fagskuleklasse etter Stord-modellen

Hordaland fylkeskommune har motteke søknad frå Samarbeidsrådet i Sunnhordaland om tilskot på kroner 2,7 millionar til ein ny fagskuleklasse på Stord under Bergen tekniske fagskole (sjå vedlegg). Eit fagskuletilbod som går over to år, er rekna til å koste totalt kroner 4 millionar, og søknaden legg til grunn følgjande finansieringsmodell:

Finansiering		
Kompensasjonsmidlar (Sunnhordland)		kr. 1 300 000
Hordaland fylkeskommune		kr. 2 700 000

Verksemdene vil på si side bidra med tilskot til studentar og med lærarar.

Hordaland fylkeskommune har sidan 2012 gjeve årleg tilskot til oppstart av til saman tre kull på Stord, og fyrste kull som starta opp, vart uteksaminert i januar 2014. Kull nummer 2 skal uteksaminert i januar 2015 og kull 3 i januar 2016. Tilboda blei starta etter førespurnad frå 4 industriverksemdar på Stord (Kværner Stord, Apply Leirvik, Advantec og Wärtsila), som alle hadde eit stort kompetansebehov i høve til fagskule- og høgskuleutdanna personell. Industriverksemdene i Sunnhordland ser framleis eit behov for å utdanna fleire personar med fagskuleutdanning og planlegg også eit vidare løp på høgskule til ein bachelorgrad for nokre av dei tilsette som har teke fagskuleutdanning.

Dei to fyrste kulla starta opp med fulle klassar på om lag 30 studentar, det siste kullet som vart starta opp i fjor, hadde noko færre søkjarar, og om lag 20 personar starta opp. Det fyrste kullet som vart uteksaminert frå Stord, hadde særdeles god gjennomføring, medan dei to neste kulla har noko lågare gjennomføring.

Tilboda har vorte finansierte delvis av Hordaland fylkeskommune og delvis av kompensasjonsmidlar frå nokre Sunnhordlandskommunar. Årsaka til denne finansieringsordninga er at det ikkje har vore eller er rom for dette tilbodet innanfor den ordinære ramma for Fagskolane i Hordaland.

Dei tidlegare kulla vart finansiert slik:

Kull 1:	RUP-midlar	kr. 1 250 000,-
	Fylkesutvalet	kr. 950 000,-

Pluss eigeninnsats frå verksemdene i form av lærekrefter (berre rekruttering av studentar frå dei fire verksemdene som bidrog økonomisk)

Kull 2: Kompensasjonsmidlar - Sunnhordlandskommunar kr. 1 300 000,-
Fylkesutvalet kr. 2 700 000,-

(Det vart rekruttert studentar frå heile Sunnhordland)

Kull 3: Kompensasjonsmidlar - Sunnhordlandskommunar kr. 1 300 000,-
Fylkesrådmannen kr. 2 700 000,-

(Det vart rekruttert studentar frå heile Sunnhordland)

Dersom det vert løyvd midlar til eit fjerde kull på Stord under Bergen tekniske fagskole, vil ein rekruttere studentar frå heile Sunnhordland. Ved tildeling av midlar til eit nytt kull må også endeleg avgjerd om oppstart av eit fagskuletilbod handsamast av Hordaland fagskulestyre.

Vedlegg:

- 1 14-08-04 Søknad om midlar til start av ny fagskuleklasse etter Stordmodellen
- 2 SKMBT_C28414091715130